

FULLDISTRIBUSJON

Velkommen til

OPEN KYRKJEHELG

13. - 15. september 2024



PROGRAM 13. - 15. september 2024 - Tingvoll kyrkje

Alle arrangement er gratis. Du kan gje frivillig kollekt via vipps.
Kyrkja er open for ljostenning og puslespel-pusling frå fredag til søndag
Arrangør: Tingvoll sokneråd

Fredag 13. september

18.00 OPNING

Menighetshuset:

- Opning av
Open kyrkjehelg 2024
- Servering av taco



Kyrkja:

- Årets puslespel blir lagt fram (2000 brikkar).
Kom innom kyrkja i løpet av helga, og legg
ei brikke eller tre...



19.00 «Etikk i klimakrisens tid»

*Vi veit kva som kan stogge klimakisa, men gjer
vi noko med det? Kan vi tenkja på naturen og
samfunnet, på en annan måte? Refleksjon om dei
etiske og moralske valga vi har i kvardagen.*



Føredrag i kyrkja,
ved Jan-Olav Henriksen

Henriksen er professor i
systematisk teologi ved MF
Vitenskapelige høyskole.
Han har saman med Arne
Johan Vetlesen skrive boka
"Etikk i klimakrisens tid"
(2022:Res Publica)

Plenumssamtale

Vi inviterer publikum til å delta i en plenums-
samtale med Henriksen, i etterkant av foredrag.

21.30 - 21.45 Tidebøn

- Gregoriansk tidebøn i kyrkja.
Utarbeida av pensjonert 1. amanuensis
i musikk (NTNU), Irene Bergheim.
Leia av songarar frå kyrkjekoret

Laurdag 14. september

11.00 Aktivitetar i menighetshuset

- **Kaff og kaker** heile dagen
- 11.00 **Småbarnssong** med kateket Odd Erik
Stendahl (passar for barn i alderen 1-3 år)
- 11.30 **Aktivitetsstasjon for barn:**
 - Teiknebord
 - Puslespel
 - Rebusløype rundt kyrkja (3-12 år)
(start ved menighetshuset)
- 12.00 **Gudsrikeleiken: "Den gode hyrdingen"**
Bibelforteljing med forteljar Ingjerd H.
Fredriksen (passar for born i alderen 3-15)
- 13.00 **Gudsrikeleiken: "Den barmhjertige
samaritan"**
- 14.00 **Gudsrikeleiken: Den store familien**

11.00 - 15.00 Aktivitetar i kyrkja

- **Pusling av puslespel**
- **Lån ein guide** – møt opp i menighetshuset og lån
med deg ein guide til ei tilpassa omvising i kyrkja

15.00 - 15.15 Tidebøn

- Gregoriansk tidebøn. Utarbeida Irene Bergheim.
Leia av songarar frå kyrkjekoret.

16.00 Kunst og symbolbruk i kyrkja

- Føredrag om kunst og symbolbruk i
Tingvoll kyrkje, v/ kyrkjetenar og kunsthistorikar
Paolo Manfredi

17.00 Stilletid i kyrkja

- Førebuing til konsert
- Pusling og ljostenning

18.00 Konsert for sjelero

- "Spiegel im spiegel" av Arvo Pärt
Zhala Aliyeva - cello
Odd Sonntag - fiolin
Vegard By - piano

19.00 Kveldsmat

- Servering av kveldsmat, menighetshuset

20.00 - 20.20 Markusevangeliet

- Miniføredrag v/ sokneprest Toril Stendahl
menighetshuset

Kveldsprogram i kyrkja:

20.30 Strikk og lytt

- Lesing av Markusevangeliet
- Ta med eige strikkesøy om du vil

22.30 Salmesong

- Fellessong leia av kantor Vegard By

23.00 Pusling, bøn og ljostenning

23.00 Nattmat

- Servering av nattmat, menighetshuset

00.00 - 01.30 Nattkino

- Babettes Gjestebud, Regi: Gabriel Axel
- Filmen vises ute på kyrkjeveggen. Ta med noko å sitja på. (Innandørs ved dårleg vær).

Sundag 15. september

09.00 - 09.15 Tidebøn

- Gregoriansk tidebøn i kyrkja. Utarbeida av Irene Bergheim. Leia av songarar frå kyrkjekoret

09.30 Frukost

- Servering av frukost, menighetshuset

10.15 Flytting av puslespel

- Puslespelet blir flytta frå kyrkja
til menighetshuset

11.00 Familiegudsteneste

- Familiegudsteneste i Tingvoll kyrkje
- Presentasjon av årets konfirmantar
- Jubileumskonfirmantar (50 år)

12.15 Kyrkjekaffi

- Kyrkjekaffi i menighetshuset
- Avslutning av "Open kyrkjehelg"



Tidebøner har røtter i jødisk tradisjon, og vart praktisert i den tidlege kristne kyrkja. I Bibelen les vi om Peter og Johannes som ein dag gjekk opp til tempelet «til ettermiddagsbøna ved den niande timen» (Apg 3,1), og til bøna ved den sjette timen (Apg 10,9). Det meste av innhaldet i tidebønene er tekstar frå Bibelen. Den einskilde kan delta ut frå sin eigen føresetnad og samstundes ta del i eit kollektivt bønefellesskap.



Småbarnssang er ein vidareføring av babysong, tilpassa aldersgruppa 1 - 3 år. Songar og reglar med bevegelser er hovudinnhaldet, i samlinga som varar om lag ein halv time. Leiar er kateket og musikkpedagog Odd Erik Stendahl.



Gudsrikeleiken har fokus på refleksjon og undring, og legg opp til at borna skal oppdage, meir enn å bli undervist. Presentasjonsforma er prega av langsemd og ro, og er eit alternativ til opplegg som legg vekt på mykje aktivitet og raske skiftingar. Gudsrikeleiken byggjer på Montessori-pedagogikken. Forteljar er menighetspedagog Ingjerd Heggheim Fredriksen.



Filmen "Babettes gjestebud" frå 1987, er basert på novella med same namn, utgjeven av den danske forfatteren Karen Bilxen i 1950. Handlinga er lagt til Berlevåg i Finnmark, på 1870-talet. Filmen er både humoristisk og underhaldande, men er og ein djuptgåande refleksjon omkring religion og kunst. Filmen vann Oscar for beste utanlandske film i 1988. (På kino har filmen 12 års aldersgrense)

Returadresse:
Tingvoll kyrkjekontor
Prestgardsvegen 44
6630 Tingvoll

FULLDISTRIBUSJON

160-Årsfestsalmekveldkonsert

Måndag 7. oktober er det 160 år sidan Straumsnes kyrkje vart vigsla og teke i bruk. Dette feirar soknerådet ved å arrangere gebursdagsfestsalmekveldkonsert i kyrkja kl. 18:00.

Straumsnes songlag, sokneprest Toril Stendahl og kantor Vegard By deltek. Sjølvsaft blir det servert gebursdagskake bak i kyrkja.

Då dette programmet gjekk i trykken, var ikkje alle deltakarane klare enno; følg med på «skjerikyrkja.no» eller skann QR-koden for oppdatert informasjon. Arrangementet er gratis, det blir teke opp kollekt til det kyrkje-musikalske arbeidet i soknet.



Hausttakkefest og basar

Søndag 13. oktober arrangerer Straumsnes Sokneråd hausttakkefest, med gudsteneste kl 15.00 og deretter basar og kyrkje-kaffe på menighetshuset. Det blir song av Straumsnes Barnegospel, mykje liv og godt humør! Velkomne til gudsteneste og basar!

Bli med i Straumsnes barnegospel



Karnevalsgudsteneste i Straumsnes kyrkje

Straumsnes Barnegospel er et kor for barn fra 4 års alder. Vi øver annenhver onsdag kl 18 på Straumsnes menighetshus, med **oppstart 21. august**. Denne høsten skal vi være med på mye gøy i Straumsneskirka:

- 13. oktober: Konsert, høstfest og basar.
- 30. oktober: HalloVenn. Denne kvelden kler vi oss ut, og har leker, god mat og kanskje litt godteri også.
- 21. desember: Julekonsert

Medlemskontingenten er kr. 100,- pr år.
Ta gjerne kontakt om du lurer på noe:
Synnøve Sæbø: 97531585 / Audun Sæbø: 91388180

Tingvoll kyrkjekor



Tingvoll kyrkjekor øver på menighetshuset på Tingvoll torsdagar mellom kl. 19.00 og 21.15. Nye songarar er hjarteleg velkomne! Om du er usikker på om dette kan vera noko for deg, er det fullt mogleg å delta på ei øving utan at du med det er forplikta til å starte i koret!

Denne hausten skal koret delta på open kyrkje-arrangement, allehelgensgudstenester i Tingvoll og Straumsnes, julekonsert og juledagsgudstenesta.

Har du spørsmål kan du kontakte dirigenten, Vegard By, på telefon 48 40 50 66 eller vb254@kirken.no

I kyrkjene er det mange aktivitetar og arrangement gjennom året

Følg med på skjerikirken.no og kirken.no/tingvoll